

# 1.TERTIALRAPPORT 2016. ØKONOMISK OVERSYN

## Kommentarar til oversynet

Einingar	Oppr.budsj.	Reg.budsj.	Rekneskap	Avvik Regulert budsj. -rekneskap
Form.sk/K-styre	1.770	1.770	1.367	403
Herav reservepost				
Levekår	147	147	48	99
Herav reservepost				
LMT	182	182	23	159
Herav reservepost				
Rådmannen	23.601	20.183	20.675	-492
Herav avs. lønsauke		(0)		
<b>OPPVEKST</b>	<b>(37.730)</b>	<b>(37.337)</b>	<b>(37.534)</b>	<b>(-197)</b>
Overordna oppvekst	3.584	3.270	1.908	1.362
PPT	1.167	1.172	1.065	107
Stølane barnehage	1.495	1.647	1.672	-25
Kjølvikstølen barnehage	588	639	630	9
Vinjar barnehage	2.657	2.605	2.532	73
Sand barnehage	3.679	3.701	3.709	-8
Erfjord skule	1.979	1.995	1.972	23
Marvik skule	1.297	1.291	1.262	29
Sand skule	9.521	9.548	10.612	-1.064
Vinjar skule	3.411	3.421	3.437	-16
Jelsa oppvekstsenter	1.895	1.845	1.751	94
Nesflaten oppvekstsenter	1.808	1.950	2.084	-134
Vanvik oppvekstsenter	1.295	1.320	1.272	48
Gullingen leirskule	383	-38	739	-777
Barnevern	2.971	2.971	2.889	82
<b>HELSE OG OMSORG</b>	<b>(44.530)</b>	<b>(47.399)</b>	<b>(49.057)</b>	<b>(-1.658)</b>
Overordna helse og oms.	2.303	2.220	1.814	406
NAV	2.098	2.098	2.442	-344
Sjukeheimen	13.949	14.048	14.339	-291
Helse	5.597	6.103	6.530	-427
Sand bu- og omsorgssenter	6.325	6.332	5.993	339
Jelsa bu- og omsorgssenter	3.089	3.097	3.157	-60
Vinjar bu- og omsorgssenter	5.138	5.179	5.195	-16
Suldal bu- og aktivitetstilbod	6.031	8.322	9.587	-1.265
<b>BY, KB, KULTUR OG INTROSENTERET</b>	<b>(19.333)</b>	<b>(22.081)</b>	<b>(17.894)</b>	<b>(4.187)</b>
Introsenteret i Suldal	-180	-177	-2.355	2.178
Bygdeutvikling	2.998	3.005	3.441	-436
Kultur	5.190	5.193	4.173	1.020
Kommunale bygg	11.325	14.060	12.635	1.425
<b>SAMLÅ SUM</b>	<b>127.293</b>	<b>129.099</b>	<b>126.598</b>	<b>2.501</b>

---

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

#### Rådmannen

Det er for dei fire første månadane budsjettert med fylkeskommunalt tilskott til rassikring ved Suldalslågen, samla kr. 1 833 000,-. Arbeidet er i ferd med å bli avslutta, og det vil bli sendt refusjonskrav når den samla kostanden er kjent.

På grunnlag av uttale i styret i Ulla-Førre næringsfond, har kommunen starta prosessen med ei rettssak for inndrivning av eit skuldig utlån i næringsfondet. Saka kan medføre vesentlege saksomkostningar, men vil vera avhengig av utfallet i saka. Me vil koma attende til dette i 2. tertialrapport.

På sentral hald er lønsoppgjeret i kommunesektoren ferdig. Resultatet viser at lønsavsetjingane på 10 mill. kr. i vårt budsjett kan reduserast.

#### Sand skule

Grunna mange avvik og tøffe klassesituasjonar er det som tiltak brukt ein del ekstra ressursar det ikkje var tatt høgde for då budsjettet vart laga. Det vert arbeidd med å justera inn dette. Ressursbruken vil frå 01.08.2016 vera i samsvar med rammene. Det er usikkert om me i løpet av året kan henta inn heile overforbruket. Me vil koma attende til dette i 2. tertialrapport.

#### Nesflaten oppvekstsenter

Det negative avviket på Nesflaten oppvekstsenter skuldast i hovudsak større ressursbruk enn opphavelig budsjettert grunna overflytting av elev utan at det er føretatt budsjettregulering i samsvar med dette. Det er tatt høgde for dette i ressursfordelinga til neste år.

Nesflaten oppvekstsenter har vore utan rektor dei tre første månadane - her er det spart inn ein del lønsutgifter.

#### Gullingen leirskule

Avviket nå gjeld forseinka fakturering av refusjon for undervisning ut til brukarskulane. Prognosen ser ut til å gå i balanse eller med eit lite overskott for heile året.

I tillegg vil budsjettet verta regulert for utleige av arbeidskraft til Fylkesmannen i Agder.

#### NAV

Nav Suldal har ikkje nytta private institusjonar for rusmisbrukarane dette året. Årsbudsjettet er på kr. 340.000.

Nav Suldal har et overforbruk på økonomisk sosialhjelp. Trongen for denne tenesta er aukande i kommunen, det er spesielt auken hjå dei unge som uroar.

Husbanktilskot på kr. 330.000 er utgiftsført. Løyvinga til dette er avsett på fond, men bruken av dette er ikkje inntektsført.

Nav Suldal skal ha refusjon på løn frå staten på omlag ein 100 % stilling i to mnd. som ikkje er mottatt.

Året under ser ut til å gå i balanse.

### Suldal sjukeheim

Me har uteståande brukarbetaling for april, matpengar frå heimetenestene og refusjon for sjukepengar og lærlingar, samla kr. 500 000. Tek ein omsyn til dette går sjukeheimen så langt med eit overskott på om lag kr. 200.000.

### Helse

Underskot kan forklarast slik:

- Legevaktgodtgjersla er blitt pensjonsgivande frå 01.01.16, dette er ikkje lagt inn i budsjett då dette ikkje var kjent då budsjettet vart lagt.
- Godtgjering til legevakt har auka frå 01.01.16, dette er ikkje lagt inn i budsjett då dette ikkje var kjent då budsjettet vart lagt.

Det er kome nye krav til legevaktstilbud. Helse har tatt inn ny bil på leasing som stettar dei nye nasjonale krava. Auken er kostnader for denne, om lag 100.000, vert å ta innaføre tildelte rammer.

### Sand bu- og aktivitetstilbud

Avviket skuldast at frå 04.01.16 har kommunen kjøpt brukar plass i ein annan kommune for eit barn som treng heildøgntilbud. Dette tilbudet vil vare til sommaren 2017. Ordninga gi rett til refusjon (ressurskrevjande brukar).

### Introsenteret

Me har motteke integreringstilskot for år 1 for 16 personar, dette blir utbetalt alt på ein gong. Difor er inntektene høgare enn budsjettet. For år 2-5 har me berre motteke utbetaling fyrste kvartal.

På utgiftssida så har me betalt husleige til Ryggatun for heile 2016, medan budsjettet er periodisert månadsvis.

I k-sak 008/16 vedtok kommunestyret å ta imot einslege mindreårige. Det vil samla for 2016 koma 8 einslege mindreårige. Då vedtaket om mottak av einslege mindreårige er gjort i 2016 har ikkje budsjettet tatt høgde for dette.

Samla vil kommune få kr. 3 445 000,- i integreringstilskot, einingongstilskot og tilskot for einsleg mindreårig for 2016. Ein har kome fram til at utgiftene for 2016 vil vera kr. 2 795 000,-.

### Bygdeutvikling

Samla for heile året vil eininga ha eit positivt resultat. Det negative resultatet pr. 1. tertial skuldast at det meste av tilskotsmidlane er utbetalt nå, medan budsjettet er fordelt på heile året. I tillegg er det motteke tilskot (veterinærvakter og kalking) som gjeld for heile året, der utbetalingane fordelar seg ut over året. For byggesak og oppmåling er det ikkje sendt ut faktura på alt av gebyr som gjeld 1. tertial.

### Kultur

Rekneskapet viser stor pluss, men tilskotsmidlane er ikkje fordelte, og refusjonsinntektene er ikkje komme inn.

Alle avvik er forventta.

### Kommunale bygg

Forsikring av bygningar/eigedom gir eit positivt avvik på 776.000 kr. Dette skuldast at forsikringsfaktura for 2016 vart utgiftsført i desember 2015.

På grunn av ein "snillare" vinter enn 2015 ligg me her godt føre budsjett samla sett. Asfalteringa for 2016 vert gjennomført som planlagt.

Brannvesenet er med i eit prosjekt knytt til Luftambulansen, og er disponible for AMK sentralen når det står om liv og helse. Om dette vil auke talet utrykningar i tida framover gjenstår å sjå.

Eininga ligg bra an i forhold til budsjett om ein tar med dei korrigeringane som her nemnde. Likevel er tida framover prega av stor aktivitet i samband med grøntanlegg, asfaltering og generelt vedlikehald.

### **Oppsummert**

#### Omtale med budsjettmessige endringar:

Kjøp av plass i bufellesskap. Då saka ikkje var kjend då ein utarbeida budsjett for 2016, er ikkje midlar til tiltaket teke med i budsjettet for 2016. Formannskapet er orientert om saka. Samla kostnad for heile året kr. 3 790 000,-. Så langt som ei er kjend med i dag vil ein få refusjon for ressurskrevjande brukarar med kr. 1 800 000,-. Netto kostnad vert då kr. 1 990 000,- for 2016. Dette tilbodet vil vare til sommaren 2017.

Når tilbod blir kjøpt i ein annan kommune må det kjøpast skuleplass i tillegg til butilbod. Ein del av denne kostnaden blir trekt frå skulen vedkommande går på, men netto blir kostnaden 300.000 dette året.

Då det ikkje vart noko av det interkommunale samarbeidet vedtok kommunestyret i Suldal at legevakta måtte vera forsvarleg når kommunen måtte drifta denne sjølv. Rådmannen la i saka opp til å arbeida fram forslag om dette til tertialrapporten.

Avtalen mellom KS og Den Norske Legeforening seier at belastningar ved legevakt normalt ikkje bør vera større enn firdelt vakt i Suldal. Turnuslegane skal alltid ha ein annan lege som trygghetsvakt. Legeforeninga i Suldal meiner vaktordninga må vera seksdelt.

I vedtatt økonomiplan med handlingsprogram 2016-2019 (sak 130/15) er det budsjettert med 5 fastlegar, ein sjukeheimslege( 20% på legekantoret) og ein turnuslege. Det er i realiteten 6 legar knytt til legekantoret, men ein av desse er fast vikar.

I tillegg er det lagt inn auke i vikarbudsjettet til legevakt på 450.000, og det er sett av 400.000 for å betra legevakta.

Rådmannen viser til alternative forslag til forsvarleg legevakt vedtatt i same sak. Desse er drøfta med lokal legeforening.

Etter drøftingar har rådmannen kome fram til, for å få til ei god og forsvarleg legevaksordning, at det må leggjast inn midlar til ein ekstra legestilling. Hovudårsaka til dette er at det blir opplevd svært vanskeleg å få ei ordning med akseptabel vaktbelastning når talet på legar som kan dela vaktene blir for få. Årskostnaden med dette vert netto 900.000 kroner (årsløn inkl. sos. utg. 1.300.000 med fråtrekk av alt budsjetterte midlar for å betra legevakta 400.000). For 2016 må budsjettet styrkast med 600.000 kroner.

Dei sentrale forhandlingane for legane har resultert i at legane skal ha pensjon også på legevakta. I tillegg så auka vaktgodtgjersla monaleg. Dette utgjer samla på årsbasis kr. 570.000

Samla vil kommune få kr. 3 445 000,- i integreringstilskot, eingongstilskot og tilskot for einsleg mindreårige for 2016. Utgiftene for 2016 vil vera kr. 2 795 000,-.

Budsjett forsikringar på bygg og anlegg for 2016, betalt i 2015, vert omdisponert.

Budsjettposten på NAV tenkt nytta til private opphald i institusjon for rusmisbrukarar vert halvert og omdisponert.

Meirutgifter:

Kjøp av plass i bufellesskap i annan kommune	kr. 3 790 000,-
Kjøp av skuleplass i annan kommune	kr. 300 000,-
Legestilling (netto)	kr. 600 000,-
Legevakt/pensjon legevakt	kr. 570 000,-
Bufellesskap mindreårige, Bjødnateigen	kr. 2 795 000,-

Mindre utgifter:

Forsikring bygg og anlegg	- kr. 776 000,-
NAV. opphald i privat institusjon	- kr. 170 000,-
Reduksjon lønsavsetjingsposten	- <u>kr. 1 864 000,-</u>
Netto utgiftsauke	kr. 5 245 000,-

Meirinntekter:

Refusjon ressurskrevjande brukar	kr. 1 800 000,-
Integreringstilskot	<u>kr. 3 445 000,-</u>
Netto meirinntekter	kr. 5 245 000,-

# SKATT OG FINANS

## Sal av konsesjonskraft 1. tertial (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2011	5.169	4.246	4.299	2.675	16.389	27.581	17.000
2012	2.157	2.725	1.257	1.176	7.315	14.756	14.250
2013	2.561	2.202	2.751	2.549	10.063	22.015	18.900
2014	1.795	1.583	1.188	637	5.203	12.336	16.550
2015	1.845	1.505	1.144	922	5.416	8.449	10.100
2016	1.645	766	981	831	4.223		11.000

Nivået for 2016 ser pr. i dag ut til å bli om lag som 2015, dersom me legg til grunn ein liten forventa auke i innbetaling resten av året. Dvs. **manglende inntekt ved årsslutt om lag 3 mill. kroner.**

## Skatt forskottspliktige og etterskottspliktige (heile tusen)

	Januar		Februar		Mars		April		Sum 1. tert.		Reg. årsbudsjett
	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	
2013	10.302	0	277	22.587	14.573	-45	503	22.361	25.655	44.903	Budsj.132.000 Rekn. 129.670
2014	10.861	4	172	22.491	13.957	-161	540	22.351	25.530	44.685	Budsj.131.500 Rekn. 128.926
2015	9.941	-7	366	22.110	15.112	108	524	22.085	25.943	44.296	Budsj.133.800 Rekn. 135.306
2016	10.926	0	471	21.143	15.937	116	391	19.910	27.725	41.169	Budsj.132.800

Samla skatt i tråd med budsjetten, men fordelinga mellom forskottspliktige og etterskottspliktige er ikkje som forventa. For forskottspliktige ligg ein noko over budsjetten, for etterskottspliktige (naturressursskatt) ein god del under. Dersom det ikkje seinare i året kjem innbetaling når det gjeld etterskottspliktige, forventar ein ei auka overføring i rammetilskotet for å kompensera for dette.

## Rammetilskot (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2013	11.969	11.969	12.861	0	36.799	98.841	96.354
2014	12.995	12.995	13.624	0	39.614	110.159	106.354
2015	12.765	12.765	14.371	0	39.901	107.715	107.375
2016	13.154	13.154	14.171	425	40.904		111.858

Rammetilskot 1. tertial i tråd med budsjetten.

## Eigedomsskatt

Me har fått oppdaterte opplysningar om Statnett sine anlegg i Suldal. Opplysningane viser at Statnett har både fleire takstobjekt og nyare takstobjekt enn det som låg til grunn ved førre taksering (2015).

Basert på dei nye opplysningane får kommunen 1,5 mill. kr i ekstra årleg eigedomsskatt frå Statnett. Me har rett til å endre takstgrunnlaget med tilbakeverkande kraft. Det gjer at me kan auke inntektsanslaget med 3 mill. kr for 2016 der 1,5 mill. kr gjeld etterbetaling for 2015.

I tillegg har me fått taksert Englandskabelen (anlegg under bygging - Statnett). Det gir oss 105.000 i eigedomsskatt i 2016 som ikkje er budsjettert. Me reknar med at dette beløpet vil auke vesentlig dei neste åra.

På dei andre takstobjekta er det berre mindre endringar.

## Kort oppsummert:

### Inntektssida for 2016:

Sal av konsesjonskraft	- 3,0 mill.kr
Eigedomsskatt	+ 3,0 mill.kr

## INVESTERING

Kjøp av utleigebustader:

I k-sak 028/15 fekk rådmannen fullmakt til å kjøpa inntil 3 husvære for utleige, finansiert ved statleg støtte og uttak frå integreringstilskotsfondet. Det er nå underskrive kontrakt om 2 bustader.

Samla kjøp inkl. dokumentavgift og gebyr kr. 3 590 000,-. Samla tilskot frå Husbanken kr. 618 000,-. Bruk av integreringstilskotsfondet vert då kr. 2 972 000,-

## PLASSERING

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi 0101	Marknadsverdi 3004	Avkastning i %
<b>Bergen Capital Management</b>			
Bankinnskot	2 258 759	3 041 000	
Aksjar	17 206 354	16 322 252	-1,03
Obligasjonar	79 698 050	80 871 084	1,33
<b>Sum</b>	<b>99 163 163</b>	<b>100 308 392</b>	
<b>Sparebank 1 SR-Forvaltning</b>			
Bankinnskot	544 651	571 542	
Aksjar	6 063 612	6 182 679	2,37
<b>Sum</b>	<b>6 608 263</b>	<b>6 754 221</b>	
<b>Totalt</b>	<b>105 771 426</b>	<b>107 062 613</b>	

## Avkastning

Gjennomsnittlig avkastning på aksjar og obligasjonar var i 1. tertial 2016 på 1,22 %. Bankavtalen har i året gitt ein avkastning på 2,2 %. Gjennomsnittlig avkastning i aksjar i år er – 0,14 %, mens ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 1,33 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag NOK 1,3 mill. Dette er noko lågare enn budsjettert.

## Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 6,7 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 8,6 mill.

## Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 0101	Gjeld 3004	Rente gj.snitt pr 30.04 i %	Ant lån
Husbanken	5 132 100	4 891 200	1,66	4
KLP	53 545 300	52 625 625	1,88	3
Kommunalbanken	168 665 610	165 194 740	1,69	12
<b>Totalt</b>	<b>227 343 010</b>	<b>222 711 565</b>		<b>19</b>

Ingen lån har rentebinding.  
Det er ingen opptak av nye lån i perioden.

## SJUKEFRÅVÆR/ ARBEIDSMILJØ

	Sum sjukefråvær 30.04.2015	Sum sjukefråvær 31.12.2015	Sum sjukefråvær 30.04.2016
<b>Samla for kommune</b>	9,5%	8,7%	7,2%

Sjukefråvær	31.12.2015	30.04.2016	Endring
Administrasjonen	10,9	8,0	-2,9
Helse, pleie og omsorg	9,7	7,9	-1,8
Oppvekst	8,5	7,8	-0,6
Teknisk og kultur	5,7	4,7	-1,0
<b>Totalt</b>	<b>8,7</b>	<b>7,2</b>	<b>-1,5</b>

Administrasjonen er fellestenester og stab

Teknisk og kultur er kommunale bygg, bygdeutvikling og kultur



Alle områda melder om lågare sjukefråvær.

- Administrasjonen: Færre lange sjukefråvær
- Helse- pleie og omsorg: Jamt over positiv utvikling. Det er spesielt gledeleg at sjukefråværet på Suldal sjukeheim har gått ned i frå 13% til 9%.
- Oppvekst: Mange mindre einingar har positiv utvikling. Sand skule som går i frå 8% til 12% sjukefråvær.
- Teknisk og kultur: Som tidlegare tertial så har bygdeutvikling, kommunale bygg og kultur lågt sjukefråvær samanlikna med andre einingar. Reinhold har noko høgare sjukefråvær enn andre underavdelingar hjå kommunale bygg, men tala går rette vegen.

Det er sett fokus på sjukefråværet i heile organisasjon og det er gledeleg å sjå at det samla sjukefråværet i kommunen er minkande. Det er ein nedgang på heile 2,3 prosentpoeng samanlikna med 1. tertial 2015 (9,5%). Eigenmeldt sjukefråvær utgjer 1,1%. Prosenten på same tid i fjor er det høgaste me har registrert i nyare tid. Siste måling på landsplan viser eit fråvær på 9,9% i kommunal sektor (pr. 3. kvartal 2015).

Det vert arbeidd med oppdatering av rutinane for oppfølging av sjukemelde.

Nokre få har meldt om at sjukefråværet kan vera arbeidsrelatert. Eit høgt sjukefråvær over tid kan auka presset og slitasten på dei som er att på arbeidsplassen.

Det er meldt om gode arbeidsmiljø i organisasjonen, men det vert likevel arbeidd jamt med forbetring. Bedriftshelsetenesta, Nav og KLP er gode bidragsytarar i dette arbeidet.

Introduksjonstenesta har ei god stund arbeidd under fysiske utfordrande arbeidstilhøve då det vert utført vedlikehald på bygningen der eininga er lokalisert.

Det vert arbeidd godt på alle nivå med planar og tiltak for oppfølging av medarbeidarundersøkinga. Alle einingar skal ha starta arbeidet med oppfølging, og i desse dagar samlar AMU inn opplysningar om kva område kvar eining har prioritert.

Det er nå avklart at tenestane, PPT og barnevernstenestene i Suldal og Sauda, skal slås saman. Prosessen fram til avklaring har vore opplevd som krevjande for dei det angår. Parallelt med sjøve samanslåingsprosessen blir det viktig framover med fokus på arbeidsmiljø og trivsel.

## **TILSYN**

Bygdeutvikling hadde tilsyn frå Fylkesmannen i november 2015 på landsbruksforvaltninga. Ingen tilbakemelding er mottatt.

Fylkesmannen arbeider med tilsynssak på sjukeheimen vedkomande oppfølging av ein pasient.

Fylkesmannen har varsla felles nasjonalt tilsyn på skulane (innan 2017). Temaet er delt i tre hovudområde; skulen sitt arbeid med elevane sitt utbyte av undervisninga, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering.

Suldal Brannvesen har fått varsel om tilsyn i september frå Direktoratet for Brann og Eksplosjonsvern. I tillegg har Arbeidstilsynet varsla brevtilsyn av Suldal Brannvesen.

Nokre av barnehagane ventar internt tilsyn ved kommunen som barnehageeigar. Både i barnehagane og skulane held dei nå på med tilsyn på miljøretta helsevern.

Suldal bu- og aktivitetstiltak ventar farmasøytisk tilsyn.

Fylkesmannen saman med internrevisjonen har hatt tilsyn på §17 i Lov om sosiale tenester i Nav. Denne er avslutta og ein har frist til august på å lukke avvika.

## **AVVIK**

Avviksmelding og avvikshandtering har fått meir fokus dei siste åra. Det syner att i talet på meldingar. Mange av meldingane gjeld fysiske tilhøve knytt til bygning eller utstyr, svikt i rutinar og prosedyrar men det er framleis ein god del som går på utagering, slag og spark. Heldigvis er det få avvik med skader på person. Dei aller fleste avvika vert handtert på næraste leiarnivå.

Helse har meldt avvik som går på samspelet til Helse Stavanger, Helse Fonna og Haugesund kommune.

Fleire barnehagar arbeider med lukking av avvik etter internt tilsyn (kommunen som barnehageeigar).

Fleire barnehagar og skular arbeider og med forbetring av det fysiske arbeidsmiljøet for barna etter tilsyn på miljøretta helsevern.

Sandkassane og dissene i Joagarden måtte stengast av igjen p.g.a. djupe vassdammar (manglande drenering ved frost i bakken).

Gjerdet rundt Joagarden og Stølane må sikrast slik at barn ikkje kjem seg over.

## **DEI EINSKILDE EININGANE**

### **Barnevern og PPT.**

Har flytta inn i nyoppussa lokalar i 2. etasje på Helsetunet